

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

---

<b>Dato</b>	12/09/2023
<b>Vår referanse</b>	2023/70057-5
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Robert Stormark
<b>E-post</b>	Robert.Stormark@vlfk.no
<b>Telefon</b>	40478898

## Kulturminnefagleg fråsegn - arealoverføring - gnr. 6 bnr. 10 - Masfjorden kommune

Viser til brev av 07.08.23 med ovanfornemnde sak til uttale. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Saka gjeld arealoverføring. Det aktuelle arealet er LNF-område, men søker skriv at det er tenkt nytta som næringsareal, og at det er planar om lagerbygg. Det er vår vurdering at det i denne saka burde ha vore gjennomført prosess med reguleringsplan. Dersom søknad om løyve i eitt trinn, med tilhøyrande dispensasjon skal godkjennast, er det allereie no naudsynt å få oversikt over eventuelle kulturminne i området, og å avklare potensiell konflikt mellom kulturminne og tiltak.

Vi minne om plan- og bygningslova § 19-2. Det skal ikkje gis dispensasjon om nasjonale eller regionale interessert vert tilsidesett. Automatisk freda kulturminne har nasjonal verdi.

Det er kjennskap til funn og kulturminne i nærområdet, ein automatisk freda lokalitet som er datert til steinalder er registrert rett nord for Dragseidet. Arkeolog frå Vestland fylkeskommune var på synfaring i det omsøkte arealet den 30.08.2023, og har vurdert at det er potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Vi finn det derfor naudsynt med ei arkeologisk registrering.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Kostnadsoverslag for den arkeologiske registreringa vert ettersend.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan

**Robert Stormark**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*